

Har Madagaskar hatt statskyrkja?

AV LUDVIG MUNTHE

Madagaskar har aldri hatt statskyrkja i vår norske meining av ordet. Men serleg i to periodar av den kristne kyrkja si saga på øya har det vore problem for skuld sterk tilknytning stat-kyrkja/misjon.

Den «norske» lutherska kyrkja på Madagaskar har ikkje vore innblanda i noko av dette. Biskop Schreuder som frå Sør-Afrika også styrde Madagaskar-misjonen i åra 1867–73, gjorde det under si Madagaskar-vitjing i 1869 klårt overfor både kyrkja og styresmakter at han ikkje var interessert i hjelp frå dronning Ranavalona II sin kongemisjon.¹ Hennar iver etter å kristna folket sitt ved utsending av «predikantar og songarar» med bod frå statsleidinga at folk hadde å omvenda seg og byggja kyrkjer, vart kontant avvist av misjonsbiskopen frå den norske statskyrkja.

Derimot hadde LMS-utsendingane, erklærte independentar frå London-misjonsselskapet, vanskeleg for ikkje å verta fanga i dronninga sine garn fletta av både religiøse og politiske trådar. Dette skal me koma attende til.

Men først skal me sjå på tendensar til «statskyrkja» på Madagaskar så tidleg som på 1600-talet.

I

Franske katolske misjonærar som tok til på Madagaskar i 1648, er gjerne rekna for pionerane i kristen Madagaskar-misjon, sjølv om portugisarane stundevís dreiv litt misjon frå sine handelsstasjonar og forsyningsbasar bygde opp på Madagaskar-kysten frå 1498 då fartøy med skipsprestar ombord, siglde den nyopna Asia-vegen rundt Afrika i Vasco da Gama sitt kjølvatn.

På 1600-talet var det den katolske Lazaristordenen som i Frankrike stod for misjonsinnsatsen. Det var deira leidar Vincent de Paul som også bar fram kallet til Madagaskar-misjon. Hans ekte misjonsiver og hans kjærleik til Guds rike ut over jord, er det ingen grunn til å tvila på. Dei mange breva etter han og talane (i manus-

kript) han let etter seg, gir oss bilete av eit ekte varmt kristenmenneske i brann for å vinna verda for Gud.²

Men Vincent de Paul hadde også merka seg Trent-konsilet (1545–63) si oppmoding til gjennom misjon å byggja opp den katolske kyrkja i nye område til erstatning for dei som katolisismen under reformasjonen hadde mist.

Som eit bimotoiv for å ta opp Madagaskar-misjon nemner han såleis at nå var m.a. Norge gått tapt og var innteke av protestantismen!³

Sidan kardinal Richelieu (1585–1642), den store kyrkjeleidaren i Frankrike på 1600-talet, også var den eigentlege statsleidaren under kong Ludvig den 13. (1610–1643), utvikla den teologiske brytinga i Frankrike mellom katolikkar og protestantar seg meir og meir til å verta den franske katolske kyrkja sin kamp for ei rein katolsk statskyrkja. Kampen mot dei franske hugenottane var, som me hugsar, hard og varde lenge. La Rochelle, den siste store hugenottbyen, vart etter lang omlægning innteken av Richelieu i 1629. Men Frankrike sin eigen store reformator Calvin hadde sett djupe spor. Mange av dei franske ættene valde å dra frå landet heller enn å gi opp si tru. Frankrike vart såleis tappa for store menneskelege og økonomiske resursar. Sveits var mellom dei landa som nytte godt av folkeflyttinga.

Mellom dei som drog frå Frankrike etter La Rochelle sitt fall, var ein ung soldat, Pronis. Han drog ikkje til Sveits, men gjekk i kongen si teneste og vart sendt til Madagaskar i 1630-åra for å byggja opp eit fort kring sentret for fransk «*présence*» på øya. Fort-Dauphin på sør-austspissen av Madagaskar vart av Pronis oppkalla etter arveprinsen «*le dauphin*» (f. 1638) den seinare Ludvig 14. (1643–1715).

Pronis ga ikkje opp si protestantiske tru sjølv om han var «jaga» heimanfrå som dei andre hugenottane. Han knytte tvert imot til seg så mange protestantar i Fort-Dauphin som råd. Deler av fortet vart såleis bygd opp av «nordiske» (norske?) sjøfolk, truleg ikkje berre fordi skuta deira var i området nett då, men fordi dei var protestantar.

Dei to første franske Lazarist-misjonærane Nacquart og Gondrée,⁴ kom til øya i 1648 saman med guvernør Flacourt som skulle overta den sivile leiding av dette franske senteret, medan Pronis vart sett til å ha den militære leidinga. Gondrée og Nacquart som døyddet etter berre 6 og 18 månader, gjorde sin misjonærinnsats under vanskelege kår ved å læra seg språket og ved å skriva den første boka

på Madagaskar, ei katekisme trykt i Paris i 1657.⁵ Gjennom breva dei skreiv, og gjennom det Flacourt fortalde om dei i sine brev, får ein sterkt inntrykk av gudfryktige misjonærar opptekne av ein ting: å byggja opp Guds rike på Madagaskar. Me har ikkje hos dei funne antydning av ynskje om eit sterkt fransk politisk styre av kyrkja for å demma opp for protestantismen.

Men misjonærane som tok over etter dei frå 1650, kjende meir og meir på trong for statleg støtte mot den religiøse påverknaden frå Pronis og hans protestantiske vener som samla seg ikring han i denne vesle franske kolonien på Madagaskar. Dei tok fleire konkrete steg for å få den franske katolske statsleidinga heime til å reinsa ut Fort-Dauphin-miljøet så det kunne skapast ei rein katolsk kyrkje på øya. At protestantisk vrang-lære skulle spreida seg til den vesle flokken gassiske kristne var deira vonde draum.

Saman med ivrige katolske setlarar prøvde misjonærane først å få avsett Pronis som militærleidar. Det ligg adskillig materiale i franske arkiv om intrigene i den samanheng. Det lukkast ikkje. Vanskane fekk den protestantiske motstandsviljen berre til å blussa opp på ny. Pronis gjekk meir og meir ope ut med sitt protestantiske syn. Han hadde ikkje gløymd La Rochelle-omlægringa.

Kring heimen sin i Fort-Dauphin tok han til å byggja opp ein liten protestantisk menighet. Huset hans må ha lege nær kyrkja, for misjonærane klagar i breva sine heim at messene deira vart uroa av at Pronis talte så høgt. Dei vende seg då på ny til kardinal Richelieu som også var leidar for det aust-indiske handelkompaniet med monopol på all transport til Madagaskar. Dette ga resultat. Frå høgste franske politiske leiding vart det lagd ned forbod mot at protestantar skulle få koma ombord i Madagaskar-skutene.

Misjonærane arbeidde hardt også på det lokale plan. Dei makta omvenda nokre av «kalvinistane». Men Pronis visste dei ikkje råd med. Då han vart sjuk, og under heile sjukelega til han døydde i Fort-Dauphin i 1655, var han under eit sterkt press. Men misjonærane som fortel detaljert om dette i sine brev heim, seier vonbrotne at han enten svara at «han visste kva han trudde på» eller at han ville ha fred for dei i sin siste time.⁶

Det er ikkje tvil om at den første vesle protestant-flokken på Madagaskar vart hindra og gjort om inkjes ved politisk press sett i verk av den franske «statskyrkja» på 1600-talet.

II

Slik me alt har nemnd var det på 1800-talet at spørsmål om statsstyrd kyrkja dukka opp att på øya. Etter at den «protestantiske fåren» var overvunnen i 1655 ved Pronis sin død, var den kristne kyrkja på Madagaskar berre stundesvis og så vidt i live. Dei franske forsyningsbasane var ofte under åtak og livet var uvisst også for misjonærene.

1700-talet i Madagaskar si historie er merkeleg lite kjend og vanskeleg å skapa seg eit bilete av. Dei utrulege historiene om grev Benyowsky i fransk teneste på Madagaskar på den tid, sogene om hans kjærleikseventyr som saman med spådomar i den arbiskgassiske tradisjonen gjorde han til «konge av Madagaskar», treng mykje kritisk analyse før ein kan laga seg eit slags bilete av hendingane. Hans eiga bok er ikkje stort litande som kjelde.⁷

Om kyrkja si utvikling veit me ennå mindre. Benyowsky nemner henne ikkje i det heile. Stundesvis var då truleg også kyrkja heilt borte. Andre tider skynar ein at arbeidet blømde oppatt, avhengig av fransk «*présence*» elles. Det sterkaste prov for at kyrkja eksisterte også dette århundret, er katekisma nr. 2 som vart trykt i 1785. Samstundes er dette eit interessant dokument som viser at kyrkja hadde teologisk modnast og tenkt gjennom prinsipielle spørsmål knytt til bibelomsetjing og gassiske uttrykk i forkynning og kristen undervisning.⁸

1800-talet vert så utan diskusjon protestantismen sitt århundre på Madagaskar. Det tok til med at kristne lekfolk på granneøya Mauritius i 1812 skipa *Mauritius Auxiliary Bible Society*. Ut frå eigne initiativ tok dei også til med å omsetja eit av evangelia til gassisk.⁹

Dei første protestantiske misjonærene kom til Madagaskar i 1818, også etter initiativ frå det nemnde Bibelselskapet som vende seg til *London Missionary Society*, (LMS). Misjonærene kom for skuld vanhelse og død ikkje for alvor i gang før i 1820. Men frå då av var aktiviteten slik at han har sett merke i verda si misjonshistorie. Bibelen var såleis ferdig omsett og trykt i 1835 (N.T. alt i 1830). Nå i 1985 feirar heile øya, frå president og regjering til universitetet og andre kulturinstitusjonar saman med kyrkjene 150-års-minnet om denne kulturelle og teologiske storhendinga.

Men 1800-talet var ikkje berre framgang og gode vilkår for misjonen. Straks Bibelen var ferdigtrykt braut forfylgjinga ut. Landet vart stengd for Europa, også for misjonærar, og den unge kyrkja isolert til 1861. Først ved dronning Ranavalona I sin død (1861) fekk

misjonærene koma attende. Det synte seg her som ofte elles, at kyrkja ikkje vart knekt av motgangen, men hadde vakse.

Kong Ramada II (1861–63) ga gjennom sine Frankrike-sympatier den katolske kyrkja, som lenge hadde vore svært anonym, ein ny sjanse, utan at denne kyrkja kom stort til krefter då heller. Dronning Rasoharina (1863–68) vart gravlagd etter heidensk skikk, men det var ho som då ho låg på det siste, sa nei til statstryllemidlet *Kelimalaza*, noko som førde til at funksjonærene i slottet, imponerte men også redde, ropa ut over byen: *Resy Belseboba* (= Belsebub har tapt). Dronning Ranavalona II (1868–83) den første kristne regenten, vart døypt i slottet den 19/2–1869. Ho vart kristen mest utan måte. Ho let byggja ikkje berre eit kapell på slottsområdet. Men etter gamal gassisk eineveldeskikk sende ho ut bod til folk over heile øya at landet straks skulle kristnast og at folk snarast hadde å byggja kyrkjer og lata seg døypa.

Det var i denne situasjonen at diskusjonen om statskyrkja på Madagaskar blussa opp att. Etter møte med dronninga sine «predikantar og songarar» i 1869 sa biskop Schreuder klårt frå at den lutherske kyrkja ikkje ville ha noko med den slags blanding av stat og kyrkja, av politikk og misjon å gjera.

Biskopen og dei norske misjonærene gledde seg over dronninga si omvending, hennar iver, og over den store tilstrøyming til kyrkjene. Men dei såg fårane med slik statleg styring av misjon/kyrkja som var i ferd med å utvikla seg.¹⁰

Det var dei independentiske, frikyrkjelege LMS-misjonærene som let seg blenda. Dette kan høyrast underleg ut sidan dei prinsipielt var imot noko samanslåing både med stat og med andre kyrkjesamfunn. Kvar kyrkjelyd var etter deira kongregasjonalistiske syn, ein avslutta frittståanda storleik.

LMS-misjonærene såg nok det litt pinlege i stoda. Dei gjorde fleire freistnader på å framstella samarbeidet med dronninga som noko som avgrensa seg til sjølve kyrkja i slottet.

Men LMS slapp ikkje undan med slik forklaring. Det fanst folk innan deira eigne rekkjer som meinte at LMS burde halda seg frå å fremja kongemisjon og heller nytta sin sterke innverknad på hoffet til å rå dronninga frå å halda fram som «øvsteprest» for statens religion slik tidlegare regentar gjennom generasjonar hadde gjort då statstryllemidlet og dei kongelege baderitene var sentrale element.

Ingen kjende dei politiske hendingane og den religiøse nyorienteringa i 1860-åra så godt som dr. Andrew Davidson, utsend av *Edin-*

burgh Medical Missionary Society (EMMS), men i LMS si teneste som misjonslege i Antananarivo.¹¹ Han hadde som einaste europear vore tilstades i slottet dag og natt dei siste vekene av dronning Rasoherina si regjeringstid, sett henne forkasta tryllemidlet og hjelpt henne fram til «nesten» å verta ein kristen. Han hadde sett dei politiske intrigene som fann stad før Ranavalona II overtok makta frå 2. april 1868. Han hadde vore til stades og sett henne verta døypt den 29. februar 1869.

I dei mange brev han skreiv, uttrykkjer ikkje dr. Davidson ved noko høve tvil om dronninga si seriøse omvendning og om hennar ekte gudstru. Det var han som sende heim den engelske versjonen av det dokument som vart lagd ned i ei flaske i hjørnesteinen i kyrkja. Teksten stemmer med innhaldet i gassisk versjon i dei mest litande gassiske kjelder frå desse hendingane.¹²

Det som skapte den store debatten, var eit dr. Davidson-brev heim i 1869. Brevet vart offentleggjort i meldebladet *Medical Missionary Journal* for 18. januar 1870 for hans eige misjonsselskap EMMS, under overskrifta: *Modified state church*. Dr. Davidson reiste der spørsmålet om ikkje LMS sette for store voner til det religiøse skiftet i kongefamilien. Han trudde ikkje at så lenge dronninga skulle styra dei religiøse aktivitetane i landet ville den religiøse stoda verta varande endra på Madagaskar slik LMS syntes å meine. Eit folk si omvendning må koma innanfrå, ikkje ved staten sine ordre.¹³

Davidson påviste korleis det hadde vore politiske undertonar i all den gledelege utviklinga for kyrkja ved dronninga sin dåp og folk si tilstrøyming til kyrkjene. Det hadde vore flokkar som striddest om kongemakta etter dronning Rasoherina. Dr. Davidson hadde som hofflege sett dette på nærare hald enn nokon annan. Dei to flokkane stod framleis imot einannan ved m.a. å gå inn for kvar sin religion. Det var nærmast tilfeldig at det var den flokken som satsa på kristendommen som vann i kampen. Davidson var såleis ikkje i tvil om at krefter innom det dåverande styret på Madagaskar gjennom dronninga sine religiøse initiativ, prøvde å få kontroll over kyrkja og at denne «kongemisjonen» hadde sin grunn i eldgamal gassisk tenkjemåte der kongen skulle vera «far og mor» og ha kontroll med alle sider ved livet hos folket sitt.¹⁴

Davidson meinte difor at LMS gjorde ein alvorleg strategisk feil då dei satsa så sterkt på dronninga, når dei nærmast let henne overta initiativ og leiding i Madagaskar si evangelisering. Davidson var redd for at denne nye formen for statskyrkje LMS let utvikla seg,

ville koma til å leggja vanskar i vegen for dei misjonar og kyrkjer som stod utanom samarbeidet med den privilegerte London-misjonen. Han nemner m.a. at norsk misjon, som hadde synt klare prinsipielle motforestillingar, ville få store vanskar.

Dr. Davidson sjokkerte ikkje minst dei engelske lesarane ved å slå fast at kyrkja sitt arbeid reint generelt var vorte vanskelegare og møtte større restriksjonar nå under den kristne dronninga enn under det tidlegare heidenske styret til Ramada II og dronning Rasoharina. Han spådde at også LMS snart ville få merka restriksjonane, og at ein straks måtte gjera alt råd var for å skilja stat og kyrkje på Madagaskar.

Tidlegare regime på øya var lite tolerante, men den nye kristne dronninga var etter Davidson si meining, ennå mindre tolerant. Ved ikkje straks å gripa inn mot desse tendensane, ved at London-misjonen ikkje nytta sin eineståande *goodwill* til å påverka, heldt LMS på å gjera seg medskuldig i ei utvikling som både prinsipielt og praktisk var i motstrid med deira egne linjer og interesser på lang sikt. Sidan styresmaktene let folk tru at medlemskap i dronninga sine kyrkjer var det politisk kloke for einskildmenneske og for grupper, hadde ho med sin å sjå til positive aktivitet, fanga kyrkja og ville koma til å hindra meir enn fremja Guds rike på øya.¹⁵

Dr. Davidson spør i sin artikkel provoserande om ikkje LMS er klår over dei historiske fakta kring det totale gassiske stats-systemet der kongar og dronningar har all makt og kontroll over alle livstilhøve hjå sine undersattar. Han synes at LMS med sin eigen bakgrunn heller burde leggja til rette for framtidige frie gassiske kyrkjer i staden for å hjelpa til slik at Madagaskar ville få ei statskyrkje.

Det som ikkje minst skapte den store LMS-reaksjonen heime, var at dr. Davidson ikkje berre sende artikkelen til EMMS sitt nemnde misjonsblad, men også til ei vanleg dagsavis, *Daily Review*, med stor utbreiding.

Etter det kunne LMS-leidinga i London ikkje la vera å svara på tiltale. Direksjonen ba pastor W. Ellis ta til motmæle. Ellis var ein av dei leidande personlegdomane i LMS. Under forfylgjinga hadde han fleire gonger makta å koma seg inn i landet og vitja dei kristne i Antananarivo. Etter forfylgjinga var han ei tid leidar for misjonen på Madagaskar. Nett nå på denne tid var han heime i England.

I skriv av 28. februar 1870 som i Storbritannia vart trykt og privat distribuert til misjonsfolket, seier han seg sjokkert og leid for «*the unfriendly feelings*» som dr. Davidson hadde late koma til uttrykk

gjenom den offentleggjorde artikkelen. Han avvisar blankt påstandande frå misjonslegen som synes sjå ei statskyrkje i utvikling på Madagaskar.

For sin part tillet Ellis seg, ut frå sin inngåande kjennskap til tilhøva i Antananarivo, å påstå at dronninga ikkje i det heile sende ut «predikantar». Alle slike var kyrkja sine medarbeidarar. Dei var sende av og stod til svars åleine overfor kyrkja. Han vedgår derimot at dronninga hadde oppmuntra folk til slik å gå ut. Både styresmaktene og kyrkja hadde hatt stor pågang frå slike som etter at statstryllemidlet var avskaffa, hadde meldt seg både for å verta «omvende» og for å stå til teneste for kyrkja. Mellom 300–400 kandidatar til slike misjonsoppdrag, hadde kyrkja sjølv vald ut dei som vart utsende. Som prov for dette, seier Ellis at Førsteministeren i staden for sjølv å svara for dronninga på slike brev, hadde sendt dei over til kyrkja. Denne misjonsiveren hadde fått LMS på si side til å arbeida med tanken på å oppretta ein «*Malagasy Home Mission*». ¹⁶ Ellis slår i dette brevet fast ting han truleg ville hatt vanskar med å prova.

Ellis rotar vidare til både for seg sjølv og for sine koleger når han avviser noko Davidson nemner, og som av LMS i Antananarivo hadde vore nytta med ein viss effekt til forsvar for stillinga misjonen hadde teke. LMS avviste der kritikken med at alle desse omtala «predikantane» var slottskyrkja sine utsendingar. Etter det kongregasjonalistiske styringsmønsteret i LMS, stod det kvar kyrkjelyd fritt å gjera som dei sjølv ynskte. Nå skriv Ellis derimot at Førsteministeren, nett for å undgå inntrykket av kongemisjon, hadde rådd frå at slottskyrkja skulle ha noko med denne «indremisjonen» å gjera. Dette han kallar ein av dr. Davidson sine «*accusations*», avviser han såleis og fortel derimot at utsendingane, alle som ein, vart innvigde i dei kyrkjelydane der dei høyrde heime og at dei sto ansvarlege overfor desse både i spørsmål om moral og lære. Truleg fordi Ellis likevel visste kor gale det ofte stod til med desse utsendingane, går han i sitt svar ikkje inn på det dømet Davidson nemner frå nivået desse «predikantane» stod på. Davidson skreiv om ein som etter ein slik predikantturné kom til dr. Davidson for å spørja om Matteus, Markus, Lukas og Johannes var stad- eller personnavn og om David hadde levd før eller etter Kristus! ¹⁷

Sjølv om Ellis avviser blankt det meste av Davidson sine skuldingar, finn han det tilrådeleg å gå inn på ei side ved dette nye arrangementet der staten verkeleg hadde vore aktivt med. Etter bøn frå misjonen hadde Førsteministeren gitt alle «predikantane» fri frå all

vanleg militær og sivil teneste. Men, – legg han til – ein slik favør var ikkje nok til å insinuera at LMS innførde ei statskyrkje. Slikt var nemleg særvilkår kyrkjer i mange land fekk.

Ellis må vidare litt nølande gå med på at dronninga for skuld den urolege politiske stemninga etter kongeskiftet, hadde måtta be om at «predikantane» på si sida til gjengjeld skulle vera loyale overfor dronninga og at ho hadde truga med ikkje å halda dei skuldlause om dei under sine turnéar arbeidde mot styresmaktene sine interesser. Ho hadde også forlangt at «predikantane» alltid skulle ha fylgje med ein «*iraky ny mpanjakavavy*» (= dronning-utsending).

Med denne siste opplysninga kom truleg Ellis uviljande til å overtyda lesarane i Storbritannia om at dr. Davidson hadde rett i at dronninga heldt på å forma ei «*moderate state church*» og at ho heldt på å skaffa seg full kontroll over denne kyrkja.

Nå må ein på andre sida prøva å skyna Ellis. Han hadde ved dei nemnde visittane på Madagaskar under forfylgginga, sett dei forfylgde kristne sine harde kår under Ranavalona I. Som LMS-leidar dei første åra etter at landet var ope for misjon att, hadde han også opplevd ikkje berre at vanlege gassarar i tusental strøymde til kyrkja, men at også dei politiske leidarane med dronninga i spissen vart kristna. Han hadde grunn til å gle seg og til å streka under det positive ved utviklinga.

Ellis var nok heller ikkje glad for alt dei «utsende medarbeidarane» gjorde. LMS hadde hatt mykje bry med dei. Det kan ein også lesa seg til mellom linjene i Ellis sitt motlegg mot dr. Davidson. Men Ellis var ikkje villig å vedgå at han og misjonen var utsett for eit gjenomtenkt politisk spel og ennå mindre at misjonen samarbeidde med dronninga for å oppretta noko slags form for statskyrkja. Han konkluderar difor sitt skriv med ein hyllest til kloke LMS misjonærar på Madagaskar og uttrykkjer full tillit til dei gassiske styresmaktene.

Dr. Davidson fekk det sjølv sagt etter dette oppgjeret vanskeleg både mellom kolegene i Antananarivo og overfor styresmaktene. Han drog då også helseknekt heim i 1876. Men frå sine egne i EMMS i Skottland fekk han heile tida heilhjarta støtte. Dei meinte at «*the uneasiness*» som dr. Davidson sin kritikk hadde ført til over heile Storbritannia, var nyttig. Det må alltid vera rett å ta opp problem som kan utvikla seg til ein fåre for kyrkja, slår dei fast. Det må vera feil å gøyma det vanskelege bort.

Leidarane i EMMS kjem fleire gonger attende til dette spør-

målet og åttvarar i samsvar med den independentiske linja mot at politikarar får avgjera kyrkja si utvikling. «Kor fårleg nett det kan vera har utviklinga på Madagaskar til fulle synt oss.»¹⁸

Nett det noko krampaktige ved Ellis-forsvaret syner at dr. Davidson faktisk lukkast i å opna augo hans for at det kanskje var noko rett i misjonslegen sine refleksjonar. Sidan såg Ellis sjølv klårt at denne utviklinga, om ein ikkje fekk venda straumen, kunne føra misjonen inn i ein tvangssituasjon. Misjonærene tok etter kvart meir og meir direkte steg for å leida utviklinga i ei noko anna leid.

Kongemisjonen på Madagaskar på 1800-talet vart difor berre ein episode, truleg ikkje minst takka vera dr. Davidson si observante og reflekterande innstilling til alt han opplevde.

Då Frankrike i 1895 overtok øya og styrde Madagaskar som koloni i 65 år, vart skiljet stat-kyrkje ennå sterkare understreka. (At franske katolske funksjonarar ga den katolske kyrkja særvilkår, er ikkje meir enn ein kunne venta seg, og det er ei anna historie.)

NOTER

- 1) Sjøå L. Munthe: *Misjonæren Lars Dahle*, Oslo 1968, s. 12-14 og notene der.
- 2) A. Dodin: *St Vincent de Paul, Entretiens spirituels aux missionnaires*, Paris 1959, s. 159ff, 377-378.
- 3) A. Dodin: Op. cit., s. 317-320. Sjøå også: *Mémoires de la Congrégation de la Mission*, Tome IX, Paris 1866, s. 8.
- 4) *Mémoire* (note 3): *Table onomastique*, s. 1140.
- 5) «*Petit Catechisme avec les prieres du matin et du soir, que les missionnaires font et enseignent aux Neophytes et Cathécumenes de l'Isle de Madagascar. Le tout en François et en cette Langue. Contenant trente instructions. A Paris chez Georges Iosse, rue Saint Jacques, à la Couronne d'Espines. M.DC.LVII.*»
- 6) *Mémoire* (note 3), s. 29, 58, 107-108, 208, 229-230, 234-235.
- 7) Benyowsky: *Memoirs and travels*, London 1790.
- 8) Koran-uttrykk for kristne nemningar i den første katekisma vart i 1785-utgåva skifta ut med bibelske.
- 9) L. Munthe: *La Bible à Madagascar*, Oslo 1969, s. 61ff.
- 10) Note 1.
- 11) L. Munthe: *Venstrehandsmisjon?*, Oslo 1985, s. 13ff.
- 12) *Medical Missionary Journal* for 18. Jan. 1870, s. 23: «*This wonderful statement is to be engraved in the gilded letters on the pannel of the Church: «By the power of God, and grace of the Lord Jesus-Christ, I, Ranavalomanjaka, Queen of Madagascar, founded this House of Prayer on the 13th Adimizana (20th July), in the year of the Lord Jesus Christ 1869, as a House of Prayer for the praise and service of God, King of kings, and Lord of lords, according to the world in the Sacred Scriptures, by Jesus Christ the Lord, who died for the*

sins of all men, and rose again for the justification and salvation of all who believe and love him. For these reasons this stone house founded by me as a House of Prayer, cannot be destroyed by any one, whoever may be King of this my land, for ever and for ever; but if he shall destroy this House of Prayer to God which I have founded, then he is not King of my land Madagascar. Wherefore I have signed my name with my hand and the seal of the kingdom.»
(signed) RANAVALOMANJAKA, Queen of Madagascar.

«This word is genuine, and the signature by the hand of Ranavalomanjaka is genuine,»

(says) RAINILAIARIVONY, Prime Minister and Commander-in-Chief of Madagascar.»

- 13) «This is important so far, though its importance may be overestimated . . . No main governemental act can destroy idolatry.» (Note 12, s. 22.)
- 14) *Medical Missionary Journal*, 18. mars 1870, s. 34.
- 15) *Medical Missionary Journal*, s. 36.
- 16) Brevet som er trykt, har overskrifta: *Madagascar* og er sendt frå Hoddesdon den 28. febr. 1870 til Rev. G. D. Cullen. Det var i samsvar med Ellis sitt eige framlegg (s. 4) at svaret ikkje skulle i aviser, men privatdistribuerast til dei som kjende saka.
- 17) *Medical Missionary Journal*, 18. Janv. 1870, s. 24.
- 18) *Medical Missionary Journal*, 18. Sept. 1870, s. 76.